



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3430 - 18/16353

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2018

Oversender søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad til uttale - gbnr 58/95 Lygra indre

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 58/95
Tiltakshavar: Helge Haglund
Ansvarleg søkjar: Solhytten AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8 for oppføring av fritidsbustad og etablering av slamavskiljar med ny utsleppsleidning til sjø på 20 m djupne i Bergfjordsfjorden. Det er Solhytten AS som fremjar søknad om dispensasjon på vegne av heimelshavar, Helge Haglund.


Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område avsett til fritidsbustad innafør «Reguleringsplan for del av g.nr. 58, b.nr. 1,2,4,10,12 og 13 m.f. Buskeneset – Feste i Lindås kommune». Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 90m² BRA.

Utsnitt av kommuneplanen

Utsnitt grunnkart





Tilkomst

Eigedomen har løyve til mellombels anleggsveg fram til 18.10.2018. Tilkomstvegen skal så tilbakeførast ttil gangsti. Tiltakshavar må dokumentere ved skriftleg avtale ein tidsubestemt rett for gbnr 58/95 til å nytta gangsti til fots over gbnr 58/4 samt tidubestemt rett til parkering for gbnr 58/95.

Vatn- og avløp

Eigedomen skal vere tilknytta privat borrehol.

Administrasjonen godkjenner ikkje ny sjøleidning for slamavskiljar slik det er omsøkt. Grunngevinga er at det er knytt utfordringar til resipienten i området. Bergfjordsfjorden har dårlege resipientforhold. Administrasjonen har sett på ein rutine for området i sin heilhet. Krav til løysning er påkopling til eksisterande felles utsleppsleidning til sjø med minirensanlegg. Ansvarleg søkjar må sjølv finne ein eksisterande utsleppsleidning og dokumentere ein privat rett til å kople seg på fellesleidning.

Kommunen har likevel valt å sende saka på høyring for å få avklart moglegheita for for ein dispensasjon. Parallelt med høyringsfristen , vil kommunen innhente naudsynt dokumentasjon.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 58/95 Lygre indre
Nabovarsel
Situasjonsplan
Teikningar

Vedlegg:

Erklæring om ansvarsrettar og gjennomføringsplan
Reguleringsplan for del av gbnr 58/1 m fl
Etterspurd søknad om utslepp - gbnr 58/95 Lygre indre
VS Sak 173430 Hytte Gbnr
Erklæring om rettighet
Situasjonsplan
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 58/95 Lygra indre
Søknad om dispensasjon med vedlegg
Ettersendt tilleggsdokumentasjon – gbnr 58/95 Lygra indre
Skannet på en flerfunksjonsmaskin fra Xerox001
Grunnkart matrikkel - gbnr 58_95
Kommuneplankart oversikt - gbnr 58_95
Kommuneplankart - gbnr 58_95
Ortofoto 2015 - gbnr 58_95

Kopi til:

Helge Haglund	Synningavegen 3 E	5259	HJELLESTAD
Helge Haglund	Synningavegen 3 E	5259	HJELLESTAD
Solhytten AS	Welhavens vei 4	4319	SANDNES
Solhytten AS	Welhavens vei 4	4319	SANDNES

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			